




Det kongelige kunnskapsdepartement

Postboks 8119 Dep
0032 Oslo



Vår dato: 28.11.2006

Vår ref.: 2006/283

Dykkar dato: 28.08.2006

Dykkar ref.: 200605012

Sakshandsamar :REH


Høyring - Sammen om Kunnskap II - Operasjonalisering av indikatorar for formidling


Vi viser til høyringsnotat av 28.08.06 vedrørende rapporten *Sammen om kunnskap II – Operasjonalisering av indikatorer for formidling* frå Universitets- og høgskolerådet (UHR).

Høgskulen i Volda (HVO) handsama saka på møte i Forskingsutvalet 24. november 2006. HVO har følgjande merknader til innstillinga:

- A. Definisjonen av formidlingsomgrepet: ingen merknader
- B. Dei fem indikatorane:
 1. Omsetning: HVO meiner dette er ein problematisk indikator, ikkje minst med tanke på samarbeid med randoneinstitusjonar. Indikatoren må ikkje utformast slik at det hindrar samarbeid mellom institusjonar. Indikatoren kan også kritiserast fordi ein ikkje kan sjå at det er ein direkte samanheng mellom eksternfinansiert verksemd og god formidling, og fordi han premierer det som er "salgbart" framfor å støtte formidling av god kvalitet på område med mindre kommersielt potensiale, som humaniora.
 2. Innovasjon og samhandling med arbeidslivet. Også denne indikatoren er problematisk, særleg fordi viktige delar av vår utoverretta verksemd ikkje vert rekna med. Samhandling med offentleg sektor fell nemleg utanfor, noko som også er kommentert i rapporten. Med vår fagprofil som ein høgskule som i svært stor grad utdannar for offentleg sektor, er dette ikkje tilfredsstillande.
 3. Publikasjonar. Vi går ut frå at regionbaserte forlag som gir ut bygdebøker og driv med populærvitenskapleg formidling vert rekna med, då dette er særskilt viktige formidlingskanalar for mange høgskular. Kriteriet "nasjonal forfattarkrets" må med andre ord handsamast med skjønn. Vi har også ein merknad om publisering i tidsskrift som ikkje kan reknast som fagtidsskrift, nemleg allmennkulturelle tidsskrift som *Samtiden*, *Syn* og *Segn* m.fl. Desse fell også utanfor kategorien vitenskapleg publisering, og det er meiningslaust at formidlinga i desse publiseringskanalane ikkje skal gi utteljing i det heile.
 4. Foredrag/posters på brukarretta fagkonferansar. Ingen merknader.
 5. Medier og direkte formidling. Denne indikatoren er vanskeleg å dokumentere, med store gråsoner, noko som i stor grad opnar for skjønn. I praksis vil det vere lita eller inga kvalitetssikring. Derfor bør kvart bidrag vektast lågt.
- C. HVO vil framheve behovet for ein kost-nytte-analyse før formidlingskomponenten vert implementert i det resultatbaserte finansieringssystemet. Både dokumentasjon og kvalitetssikring av formidlingsresultata er arbeids- og kostnadskrevjande, og spørsmålet er om denne kostnaden står i høve til eit rettferdig og rimeleg resultat.
- D. HVO har til slutt ein merknad som går på finansiering av formidlingsmodulen, noko som etter vårt syn er særskilt viktig. Vi vil åtvare mot å ta denne frå basisløyvinga til institusjonane. HVO meiner formidlingskomponenten må finansierast gjennom friske midlar.

Med helsing


Gunnar Stave
rektor


Reidun Høydal
FOU-leiar